

HANDLINGSPLAN 2023 FOR BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

Bondeungdomslaget i Oslo er ein frilyndt kultur- og idrettsorganisasjon med aktivitetar innan folkedans, teater, musikk, idrett og språk.

VI SKAL

- ❖ skape fellesskap og samhald på tvers av bakgrunn og alder
- ❖ vere eit lag der medlemmane utviklar seg som sjølvstendige og fellesskapsorienterte menneske
- ❖ vere ein stad for aktivitet, språk, mangfald og demokratibyggning

1. HOVUDPRIORITERINGAR

- ❖ Organisasjonsutvikling
 - I 2023 skal vi ha fokus på medlemmar, tillitsvalde og organisasjonsutvikling,
 - Vi skal legge grunnlaget for velfungerande aktivitetar i særлага, hyttene og nemndene gjennom organisasjonsutvikling og auka særlags- og aktivitetstilskot
 - Tilsette ein organisasjonsrådgjevar som skal støtte særлага og tillitsvalde i drift og utvikling av organisasjonen og aktivitetane
 - Arbeide vidare med forenkling og forbetring av rutinar og prosessar for å frigjere tid til aktivitet og organisasjonsarbeid
 - Starte ei vurdering om vi kan forenkle styringsstrukturen i laget, for å redusere belastninga på tillitsvalde og talet på personar vi må finne til verv
- ❖ Vedlikehald av eigedommar i 2023:
 - Pusse opp dametoalettet
 - Sette i gang eit forprosjekt for oppussing av foajeen, for å gjere han til ein hyggeleg møteplass, og gjennom bilde og tekst vise kven vi er og kva vi driv med
 - Sette opp flaggstong ved inngangen til R8.
 - Vurdere brannsikringstiltak i R8
 - Måle Bondehytta
 - Ev legge nytt tak på Røkleivhytta
- ❖ Drift og tilsette
 - Laget planlegg i arbeidsåret å ha 2,5 årsverk som dekker desse funksjonane: Ein dagleg leiar, ein organisasjonsrådgjevar og ein teknisk-/utleige-ansvarleg.
 - Laget skal ha ein aktivitet som er tilpassa den økonomiske situasjonen og det skal vere god og effektiv organisasjonsdrift.
 - Ta over forvaltninga av Oslo Nye Sparebanks fond, og administrere/avvikle dette (om fondsstyret vedtek å legge det ned).

Sak 5 - Årsmøte i BUL 2023

- ❖ Jubileum 2024
 - Utarbeide og starte opp konkrete planar for 125-årsjubileet i 2024, for å markere BUL som ein viktig kulturinstitusjon i Oslo

2. MEDLEMSTILTAK

- ❖ Auke kjennskapen til laget gjennom å gje medlemmane meir og betre informasjon om BUL og aktivitetane
- ❖ Utvikle og gjennomføre tiltak som aukar kompetansen til dei tillitsvalde
- ❖ Halde kontingenten uendra og vidareføre redusert kontingent for alle medlemmar under 27 år og honnørmedlemmar.
- ❖ Gi tillitsvalde tilgang til verktøy i Office 365-pakken/Sharepoint, og vidareutvikle bruken av, og auke kompetansen i økonomi- og rekneskapssystemet Xledger.
- ❖ Oppmode alle medlemmer til å bli med på kunnskapstevlinga Kven Veit? i februar/mars.

3. ARRANGEMENT

- ❖ 17. mai-markeringa på Universitetsplassen
- ❖ Arrangere julegraut for alle medlemmar
- ❖ Arrangere kunnskapstevlinga Kven Veit?
- ❖ Delta på og markere 100-årsjubileet til Bygdelagssamskipnaden (BLS)

4. MÅLARBEID

- ❖ Støtte praktisk og økonomisk Møt Nynorskens hus, produsert av Den mangfaldige scenen for Den kulturelle skulesekken
- ❖ Støtte Mållaget sitt arrangement Nynorsk inspirasjonsdag på Det Norske Teatret
- ❖ Gjennomføre eit til to møte med språkleg fokus